



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352
Anne Cathrine Fasmer Eide, 55572132

Vår dato
07.05.2018
Dykkar dato
05.04.2018

Vår referanse
2018/4528 421.4
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Uttale til offentlig ettersyn av reguleringsplan for E39 Mundalsberget bomstasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 05.04.2018 med melding om offentlig ettersyn av reguleringsplan E39 Mundalsberget bomstasjon, plan.id 1263-201801. Frist for uttale er 19.05.18.

Hovudføremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for etablering av bomstasjon like aust for tunnelmunninga til Mundalsbergtunellen. Planen omfattar naudsynt areal for bomstasjon med teknisk utstyr, tilhøyrande parkering for service og tilkomst for vedlikehald. Tiltaket inngår som ein del av Nordhordlandspakken, som vart vedteken i Stortinget hausten 2017. Reguleringsplanen vil skape grunnlag for grunnerverv då ein ikkje har lykkast i å kome til avtale om grunnavståing med grunneigarane i området.

Fylkesmannen sine merknader

Fylkesmannen si vurdering er at planarbeidet i hovudsak er godt gjennomarbeidd, men vi meiner det bør arbeidast meir med ROS-analysen.

Framstillinga av ROS-analysen er uklar og ustrukturert på fleire punkter. Det kjem ikkje fram kva konsekvens det er snakk om i tabell for vurderingane (liv og helse, miljø eller økonomi). I analysen hoppar ein mellom risiko i området slik det er og kva tiltaket kan føre til. Fleire tema vert vurdert til å vere både gule og raude utan at det er forslag til avbøtande tiltak. Det er heller ikkje vurdert kvar risikoen hamnar om ein utfører dei tilrådde avbøtande tiltaka. På fleire av desse temaa er det kommentert at tiltaket ikkje vil endre på fåretilhøva. Vi viser til punkt 29, 30, 31, 33 og 35.

I utgangspunktet skal tema som vert vurdert til raudt har krav om avbøtande tiltak, slik at dei ikkje lenger vert vurdert til raud risiko. Det er difor uheldig at ROS-analysen har fleire tema i gult og raudt tilsynelatande utan avbøtande tiltak. Fylkesmannen meiner at ROS-analysen bør løysast slik at det er risikoen som er relevant for endra bruk av område som kjem fram i analysen. Informasjon om eksisterande risiko i området som ikkje er relevant for reguleringsplanen kan vere med som kommentar.

Punkt 33, påkøyring bakfrå har blitt vurdert til uakseptable risiko (raud). Det er ikkje vurdert avbøtande tiltak. I kommentarar etter sjølve matrisa står det at: *Faren gjeld særskild erfaring frå bomstasjoner som har differensiert rushtidsavgift. St.prop opnar ikkje for innføring av*

rushtidsavgift. Vi lurer på om risikoen då ikkje lenger er i raudt. Kvifor er det ikkje vurdert avbøtande tiltak? Punk 29, ulukke med farleg gods har fått gul farge, med kommentar at det ikkje er endring grunna plantiltaket. Er dette punktet sett i samanheng med påkøyning bakfrå?

I punkt 31 vert ulukke i av-/påkøyningar vurdert til å ha uakseptabel risiko, men at det ikkje er endring i høve dagens situasjon. Slik vi forstår saka skal denne brukast til drift av bomstasjonen i tillegg til dagens drift av tunnelen. Her bør det klargjerast kvifor dette ikkje er ein endring av dagens situasjon.

I kommentarfeltet saknar vi i fleire tilfelle referanse til kunnskapsgrunnlaget for vurderingane, til dømes i punkt 2, 3 og 5. Utan dette vert det vanskeleg å etterprøve analysen.

Sjølv om vi stiller spørsmål ved nokre punkt i ROS-analysen er det Fylkesmannen si vurdering at dei reelle risikoane i samband med oppføring og drift av bomstasjonen er følgd opp i reguleringsplanen. Fylkesmannen har difor valt å ikkje ha motsegn til ROS-analysen. Vi meiner likevel at analysen må rettast opp slik at dei reelle risikoane kjem fram på ein betre måte og om noko då framleis vert vurdert som gul eller raud risiko så må det vurderast avbøtande tiltak. Det kan ikkje vere uakseptabel risiko som følgje av oppføring og drift av bomstasjonen.

Lykke til med vidare planprosess.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Statens Vegvesen, Region Vest	Postboks 43	6861	LEIKANGER
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen